

1 **F16: Prioriter K5 – Ny veg og bane Arna-Stanghelle**

2 **Framleggsstillar:** Vaksdal SV

3 **Innstilling fylkesstyret:** Til handsaming.

4

5 Våren 2025 vert ny Nasjonal transportplan vedteken i stortinget. SV krev at K5 – ny
6 veg og bane Arna -Stanghelle står øvst på prioriteringslista når stortinget tek
7 sommarferie!

8 Strekket Arna – Voss er ein av dei mest ulukkes og rasutsette vegane i Noreg. Det er
9 og den einaste Europavegen på denne tvilsame lista over dei 20 mest rasutsette
10 vegane. Frå år 2000 til 2017 gjekk det 338 skred mellom Arna og Voss. I 2019 gjekk
11 det skred på begge sider av Bolstadtunnelen og 16 køyretøy vart innesperra i over 12
12 timar. Seinast 24. og 25. januar 2024 var E16 stengt av ras i 36 timar.

13 21. november 2022 gjekk eit samla korps frå beredskap i Vestland ut og sette krav
14 om å sette i gang arbeidet med K5. Helse Bergen, Vest politidistrikt og Heimevernet
15 krev ny veg og bane no!

16 Politimeister Songstad sa det slik til NRK: «*Vi er nøydd til å tenke på heilskapen og*
17 *peike på at ein ytterlegare utsetting av nye vegar austover frå Bergen er problematisk*
18 *for beredskapen*».

19 Det vi treng no er at regjering og storting er med oss i prioriteringa og seier at dette
20 prosjektet er viktigast. Dette betyr igjen at det må skje tre ting våren 2024. 1. K5 må
21 prioriterast i ny NTP. 2. Stortinget må ta ei investeringsavgjerd. 3. Arbeidet med ein
22 bompengeproposisjon må starte.

23 Desse tre punkta må på plass våren 2024 – då kan vi saman sjå mot anleggsstart i
24 2025.

25 For liv

26 For helse

27 For tryggleik

28 For jernbane

29 For lokalsamfunn

30 For trygg veg og bane Bergen – Oslo

31

32 Bygg K5 no!